

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Komite for Helse og omsorg
Møtestad: Herøy helsesenter
Dato: 15.09.2016
Tid: 14:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

NB! Oppmøte Herøy Produksjon for omvisning og informasjon om tenestene innan BUHAB.

Fosnavåg, 09.09.16

Bjørn Otterlei
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 32/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 33/16	Protokoll frå førre møte
PS 34/16	Referatsaker
PS 35/16	Prosjekt 61604 - Herøy ressurssenter - byggeprogram

Referatsaker

RS 5/16	Folkehelsetiltak for eldre - uttale frå Eldrerådet 13.06.2016.
RS 6/16	Varsel om oppstart av planarbeid for Tarberg hytteområde 62/2.
RS 7/16	Val av arbeidsgruppe for framtidig omsorgssenter - vedtak i formannskapet 16.08.2016
RS 8/16	Orienteringsmøte/seminar om utfordringar i eldreomsorga


Orientering/drøfting:

Gerd Kopperstad – Krisesenteret i Ålesund

PS 32/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 33/16 Protokoll frå førre møte

PS 34/16 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2016/202
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
35/16	Komite for Helse og omsorg	15.09.2016
25/16	Eldrerådet	29.08.2016
	Formannskapet	20.09.2016
	Kommunestyret	29.09.2016

PROSJEKT 61604 - HERØY RESSURSSENTER - BYGGEPROGRAM

Tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Herøy ressursenter, utbyggingsalternativ 1.
2. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.
3. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte forutsatt naudsynt finansiering.

Særutskrift:

Eigedomsavdelinga
Bu- og habiliteringsavdelinga
Barn, familie og helseavdelinga
Pleie- og omsorgsavdelinga
Økonomiavdelinga
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Eldrerådet
Hovudverneombodet
Herøy vidaregåande skule, Lisjebøvegen 4, 6091 Fosnavåg

Vedlegg:

Prenta vedlegg:

1. Prosjekt 61504 – Herøy ressurscenter – byggeprogram

Uprenta vedlegg

1. K-sak 36/16

Saksopplysningar:

Saka gjeld godkjenning av byggeprogram for prosjekt 61504 – Herøy ressurscenter.

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i K-sak 36/16 årsplan for 2016 og gjorde i den samanheng slikt vedtak:

Kommunestyret ber om at det i løpet av 1. halvår 2016 vert lagt fram byggeprogram i ulike alternativ for fylgjande byggeprosjekt:

- Einedalen skule – tilbygg fleirbrukshall
- Herøy ressurscenter
- Nedre Dragsund 2
- Bergsøy skule
- Fosnavåg driftsbasis
- Herøy kulturhus – framtidig bruk

Byggeprogram for Herøy ressurscenter fyl som prenta vedlegg 1.

Byggeprogram

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfaser:

Byggeprosjekt				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbudsfasen	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasen og beskriv funksjonar, arealramme og overordna føringar for prosjektet. Programmet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfasen, anbudsfasen, byggefase og garantifase.

Byggeprogram vert utarbeida av eigedomsavdelinga, som ansvarleg fagavdeling for kommunale byggeprosjekt, i samarbeid med dei aktuelle administrative og politiske interessegrupper.

Prosjekt 61504 - Herøy ressurscenter

Herøy ressurscenter er som prosjekt også kjent som «Samlokalisering av dagtilbod».

Dagtilboda for menneske med nedsett funksjonsevne er i dag delt mellom aktivitetstilboda ved Herøy produksjon, Aktivitetssenteret og Vaksenopplæringa. Aktivitetstilbodet er geografisk fragmentert og dekker berre deler av det reelle aktivitetsbehov i kommunen. Dei bygningsmessige fasilitetane er også svært mangelfulle, både funksjonelt og byggtknisk. Prosjektet har difor vore etterlengta i mange år.

Eigedomsavdelinga har utarbeida byggeprogrammet i samarbeid med bu- og habiliteringsavdelinga, herunder dei tilsette og verneombodet for Herøy produksjon, Aktivitetssenteret og Vaksenopplæringa. Herøy vidaregåande skule har også uttalt seg til programmet som ein viktig samarbeidspartnar for ulike brukargrupper i overgangen mellom utdanning og vaksenlivet.

Byggeprogrammet er utarbeida i to alternativ:

Utbyggingsalternativ 1

Utbyggingsalternativ 1 omhandlar utbygging av Herøy ressurscenter, ei samlokalisering av det som i dag er eit fragmentert dagtilbod i eitt nytt og utvida aktivitetstilbod.

Begrepet ressurscenter er valgt for å definere grunntanken bak prosjektet: at aktivitetstilbodet skal stimulere den einskilde brukar til å leite fram sin ressurs og nytte denne for å løyse arbeidsoppgåver som allereie finnes, enten i kommunal tenesteproduksjon eller i samarbeid med private.

Utbyggingsalternativ 1 har eit arealmessig større omfang enn utbyggingsalternativ 2 då ein ynskjer å legge til rette for nye funksjonar som kan bidra til ovannemnde målsetting. Det er såleis lagt inn fleire funksjonar i Ressurscenteret som kommunen pr i dag ikkje tilbyr. Dette omfattar særleg:

- Verkstadlokalitetar
- Treningskjøkken / arbeidskjøkken / kantine
- Vaskeri
- Gartnerenester
- Sansefunksjonar

Ovannemnde funksjonar er meint å bidra til at ressurscenteret mellom anna skal kunne tilby tenester til kommunale einingar og private verksemder, eksempelvis:

- Vaskeritenester
- Gartnerenester
- Andre mindre vedlikehaldsoppgåver

Ved utarbeidinga av byggeprogrammet har eigedomsavdelinga lagt vekt på at prosjektet må løyse dei byggtkniske utfordringar brukarane opplever i dag. I tillegg til generelle bygningsmessige feil og manglar omfattar dette særleg utbetring av:

- Personalfunksjonar
- Andre funksjonar knytt til drift, atkomst og logistikk

Herøy ressurscenter er såleis noko meir enn samlokalisering av dagtilbod. Det inneber at Herøy kommune løyser kjente utfordringar på ein ny måte. Dei bygningsmessige tiltaka er viktige nok, men prosjektet føreset også at Herøy kommune som organisasjon samarbeidar på ein ny måte for å realisere prosjektets ide.

Dei generelle arealkrava inneber at noverande lokalitetar stettar dei behov eit ressurscenter utløyser. Men ressurscenteret som ide krev også at prosjektet vert etablert på alternativ lokasjon. Utbyggingsalternativ 1 inneber såleis at prosjektet vert etablert på kommunal eigedom ved Herøy helsesenter. Tomta er ubebygd og regulert til offentlig føremål og vurderast difor som byggeklar.

Ei etablering av eit ressurscenter ved Herøy helsesenter inneber at Herøy produksjon, Aktivitetssenteret og Vaksenopplæringa vert avvikla. Dette inneber at eksisterande lokalitetar kan frigjevast til andre føremål. Eigedomsavdelinga peikar i den samanheng særleg på fylgjande:

- Herøy produksjon- tomte kan anten nyttast til andre kommunale føremål eller selgast til private aktørar. Ein eventuell salsgevinsten kan bidra til finansieringa av ressurscenteret.
- Aktivitetssenteret og Vaksenopplæringa held til i Sjukeheimsvegen 10. Frigjeving av desse lokala inneber at prosjekt 61604 – Ny hovudbrannstasjon og driftsbasis – kan ta desse areala og grunneigedommen til vurdering.

Utbyggingsalternativ 2

Utbyggingsalternativ 2 omhandlar primært ei samlokalisering av eksisterande dagtilbod i eitt nytt og samla aktivitetstilbod.

Samlokalisering av dagtilbod inneber at gjeldande aktivitetstilbod består utan at brukargrupper som i dag fell utanfor får stetta sitt behov. Byggeprogrammet inneber fyrst og fremst at byggetekniske utfordringar vert løyst gjennom eit nybygg på tomte for Herøy produksjon.

Administrasjonen føreset at Herøy produksjon som verksemd består i byggefasen. Sett i samanheng med arealkrava for eit samla aktivitetstilbod og den tekniske tilstanden for eksisterande bygningsmasse, inneber alternativ 2 at eksisterande lokale må rivast og at verksemda må etablerast i mellombelse lokale i byggetida. Administrasjonen har ikkje lukkast med å finne alternative lokale og vurderer det heller ikkje som eit tilrådeleg alternativ verken for brukarane eller i ei kost/nyttevurdering. Byggetomte må også omregulerast før utbygging.

Samla sett inneber utbyggingsalternativ 2 eit dårlegare tilbod til brukarane i tillegg til at framdrifta vert styrt av framdrifta for ei omregulering av utbyggingstomte samt etableringa av mellombels aktivitetstilbod for brukarane.

Kostnads kalkyle

Eigedomsavdelinga har utarbeida ei kostnads kalkyle for prosjektet. Kalkyla byggjer på tal frå Norsk Prisbok, utarbeida av Norconsult AS, og basert på statistikk frå ferdigbygde prosjekt:

Kostnad – utbyggingsalternativ 1	Kalkyle
Byggekostnad eks. MVA	49 356 905,-
MVA	10 804 727,-
Byggekostnad inkl. MVA	60 170 632,-

Kostnad – utbyggingsalternativ 2	Kalkyle
Byggekostnad eks. MVA	36 520 160,-
MVA	8 067 152,-
Byggekostnad inkl. MVA	44 587 312,-

Kalkyla for utbyggingsalternativ 2 inkluderer estimert kostnad for å rive eksisterande bygg for Herøy produksjon. Kalkyla omfattar ikkje eventuelle kostnadar til grunnkjøp eller omregulering av utbyggingstomt eller etablering av mellombelse lokale for Herøy produksjon.

Ingen av kalkylene tek omsyn til eventuell prisstigning fram til byggestart.

Finansiering

Rådmannen vil søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplan for 2017-2020.

Som del av prosjektets inntektsside kan ein også legge inn eventuell inntekt frå sal av dagens lokale og grunneigedom for Herøy produksjon. Rådmannen kjem attende med ei endeleg tilråding vedrørande dette dersom utbyggingsalternativ 1 vert gjennomført.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne byggeprogrammet for Herøy ressurscenter, utbyggingsalternativ 1.

Samlokalisering av dagtilboda har vore eit etterlengta prosjekt i mange år. Når prosjektet eventuelt skal realiserast, meiner difor rådmannen det er viktig å legge til rette for eit prosjekt som er både framtidsretta og nytenkande. Ei realisering av ressurscenteret som ide kan såleis innebere at kjente arbeidsoppgåver løysast av unytta personressursar og såleis tene både den einskilde si utvikling og samfunnets behov.

Konsekvensar for folkehelse:

Folkehelsa er avhengig av den einskilde sitt menneskeverd. Den einskilde sitt menneskeverd er avhengig av tilrettelegging og stimulering.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilt konsekvens.

Konsekvensar for drift:


Ingen særskilt konsekvens.

Fosnavåg, 03.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust



HERØY KOMMUNE

HERØY RESSURSSENTER

BYGGEPROGRAM

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfaser:

BYGGEPROSJEKT				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbudsfasen	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasa og beskriv funksjonar, arealramme og andre overordna føringar for prosjektet.

Byggeprogrammet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfase, anbudsfasen, byggefase og garantifase.

Herøy kommune sitt dagtilbod til personar med nedsett funksjonsevne er delt mellom Herøy produksjon, Aktivitetssenteret og Vaksenopplæringa som tre geografisk spreidde einingar.


Utbyggingsalternativ 1

Prosjektet omhandler utbygging av Herøy ressurscenter, ei samlokalisering av det som i dag er eit fragmentert dagtilbod i eitt nytt og utvida aktivitetstilbod.

Utbyggingsalternativ 2

Prosjektet omhandler samlokalisering av det som pr i dag er eit fragmentert dagtilbod i eit nytt og samla aktivitetstilbod.

Herøy kommune organiserer sine byggeprosjekt slik:




INFORMASJONSFLYT

All informasjonsutveksling mellom ansvarleg prosjekterande og kommunen vedrørende prosjektet skal gå via prosjektleiari som kommunens byggherrerepresentant.

Prosjektleiaren koordinerer informasjonsflyten vidare mot eigedomsforvaltar, tenesteytande avdeling, brukargrupper og andre interessegrupper.

Byggeprosjektet skal byggast ut på kommunens eignedom gnr. 38 bnr. 230 mm:



REGULERINGSPLAN

Reguleringskart og føresegner fyl som vedlegg 1 og 2 til byggeprogrammet.

FAKTISK BRUK

Utbyggingseigedomen er ubebygd.


NABOLAG

Utbyggingseigedomen ligg sentralt på Eggesbønes på Bergsøy, i eit etablert nærings- og buområde med kort avstand til daglegvarebutikkar, anna handelstilbod , private og kommunale bueiningar samt Herøy helse- og omsorgssenter.

GRUNNFORHOLD

Grunnforhold er ikkje vurdert.

Byggeprosjektet er tenkt utbygd på kommunens eignedom gnr. 37 bnr. 325 mm:



REGULERINGSPLAN

Reguleringskart og føresegner fyl som vedlegg 1 og 2 til byggeprogrammet.

FAKTISK BRUK

Utbyggingseigedomen er delvis bebygd og i dag nytta som lokale for Herøy produksjon.

NABOLAG

Utbyggingseigedomen ligg sentralt på Eggesbønes på Bergsøy, i eit etablert nærings- og buområde med kort avstand til daglegvarebutikkar, anna handelstilbod og private og kommunale bueiningar.

GRUNNFORHOLD

Grunnforhold er ikkje vurdert.

ATKOMST

Tomtealternativ 1

Hovudadkomst til prosjektet etablerast via kommuneveg Eggesbøvegen.

Atkomst for gåande etablerast via eksisterande gangvegnett og med eventuell kryssing av Eggesbøvegen til parkeringsplass ved Herøy helsesenter.

Tomtealternativ 2

Hovudadkomst til prosjektet etablerast via kommuneveg Kvithaugsmyra.

Atkomst for gåande etablerast via eksisterande gangvegforbindelse mellom Kvithaugsmyra og Toftestøvegen.

PARKERING

Tomtealternativ 1

Parkering etablerast gjennom utviding av eksisterande parkeringsplass for Herøy helsesenter ved Eggesbøvegen.

Tomtealternativ 2

Det skal etablerast felles parkering for prosjektet og eksisterande kommunale utleigebustadar i Kvithaugsmyra 4.

BEBYGGELSE

Tomtealternativ 1

Prosjektet skal byggast som eit sjølvstendig bygg.

Tomtealternativ 2

Prosjektet skal byggast som eit sjølvstendig bygg.

Eksisterande bebyggelse på utbyggingstomta skal rivast. Som del av prosjektet skal det difor etablerast mellombels aktivitetstilbod for Herøy produksjon på alternativ lokasjon inntil prosjektet er overlevert til ordinær drift.

Som del av prosjektet skal også gangforbindelsen mellom prosjektet og kommunens utleigebustadar Kvithaugsmyra 4, Toftestøvegen 11 og Øvre Myklebust 1 utbetrast for å betre tilkomst for rullestolbrukarar til prosjektet.

ARKITEKTONISK UTTRYKK

Tomtealternativ 1

Nybygget skal harmonere arkitektonisk med Herøy helsesenter, byggetrinn 2.

Tomtealternativ 2

Nybygget skal harmonere arkitektonisk med kommunens utleigebustad
Toftestøvegen 11.

GRENSESNIITT MOT EKSISTERANDE BEBYGGELSE

Ingen særskilte merknader.

ANDRE RELEVANTE FORHOLD

Prosjektet skal generelt tilstrebe arealeffektivitet, sambruk og fleksibilitet og i størst mulig grad unngå døareal i form av korridorar, trapper mm.

6.1

INNLEIING

Funksjons- og arealanalysa beskriv dei funksjonar og areal som minimum krevest for prosjektet.

6.2

ALTERNATIV 1: HERØY RESSURSSENTER

Herøy ressurscenter utløyser slike funksjons- og arealkrav:

AKTIVITETSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Produksjonshall	01	300	300	Soneinndeling: Maskineringsareal, monteringsareal, materiallager.
Verkstad	01	70	70	Hageutstyr, grasklipper, måkeutstyr. Krav til utvendig direkte atkomst.
Digitaliseringsrom	01	40	40	For digitalisering av bilder, film o.l
Aktivitetsrom gruppe	01	50	50	For malegrupper, handverksaktivitetar, teater mm. Krav til separat luftavtrekk.
Aktivitetsrom person	03	20	60	For individuell oppfølging.
Undervisningsrom	01	70	70	For 30 personar. Må kunne delast i 2 like delar.
Treningskjøkken	01	25	25	Fullverdig kjøkken med alle fasilitetar.
Arbeidskjøkken / kantinekjøkken	01	60	60	Må gi rom for å arbeide i fleire soner av kjøkkenet avhengig av brukargruppa. Driftskjøkken til produksjon for sal. Sambruk mellom opplæring etter opplæringslova og kjøkken i form av aktivitet etter helse og omsorgstenestelova. (Frå skule til jobb.)
Kjølerom	01	04	04	Del av kjøkken
Fryserom	01	04	04	Del av kjøkken
Grovvaskeri	01	30	30	Vaskeri for grove tekstiler (matter, tepper o.l). Krav til god lydisolering.
Finvaskeri	01	30	30	Vaskeritjenester for fine tekstiler (dukar, kle o.l)

SUM NTA	-	-	743	-
---------	---	---	-----	---

SANSEFUNKSJONAR

Sanseavdelinga skal kunne nyttast også av andre brukarar enn primærbrukarane av ressursssenteret og skal nyttast i terapeutisk øyemed. Må ha eigen inngang.

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Sanserom - grønt	01	50	50	Krav til takheis (travers). For fysisk trening, ballbasseng osv.
Sanserom - gult	01	25	25	Krav til takheis (travers). Plass til hjelpemiddel ift. musikkaktivitetar/opplæring individuelt og i mindre grupper.
Sanserom - kvitt	01	40	40	Krav til takheis (travers). Plass til vannseng, gyngje, vibrostol osv. Krav til lydisolering. Ikkje krav til dagslys.
Sanserom - blått	01	30	30	Krav til takheis (travers). Krav til lydisolering. Ikkje krav til dagslys.
SUM NTA	-	-	145	-

GARDEROBEFUNKSJONAR FOR BRUKARANE

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Stellerom HC	2	15	30	Krav til dusj
SUM NTA			30	

FELLESFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Kafèrom / pauserom	1	70	70	For brukarar og tilsette med plass til sofaer og stolar/bord i tilknytning til kjøkkenet. Må kunne fungere som kafè, lunsjrom for brukarane, sofagruppe, sosiale tilstelningar på dag og ettermiddagstid. Må kunne delast i 2 like delar.

Grovgarderober	1	20	20	For 20 personar. For urein ytterbekledning.
Fingarderober	1	20	20	For 20 personar.
Toalett HC	2	06	12	
SUM NTA	-	-	122	

PERSONALFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Kontor	05	10	50	Produksjonsleiar, avdelingsleiar, lærar
Fleirbrukskontor	01	20	20	Fire arbeidsstasjonar for miljøarbeidarar
Kopierom	01	10	10	For kopimaskin, makuleringsmaskin mm.
Personaltoalett	02	02	04	
SUM NTA	-	-	84	

DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Teknisk rom	01	30	30	VVS, el-, tele- og automasjon,. IKT
Tavlerom	01	01	01	
Reinholdssentral	01	15	15	Kvadratisk utforming. Vogner, koster/skaft, moppemaskin inkl. lokasse, kjøleskap, benk, vask, blande batteri hurtigkopling, avlaupsbrønn i golv. Dør slår ut. Låsbart skap. Laddestasjon for reinholdsmaskiner.
Bøttekott	01	02	02	Dør må slå ut. Utslagsvask. Hyller/reol på vegg. Sluk på golv.
Lager -	01	10	10	Lager for toalettpapir, tørkepapir mm. 2 m. breidde. Det kan vere mulig å lagre andre rekvisittar her også. Dør må slå ut.
Lager - hjelpemiddel	01	30	30	For elektriske hjelpemiddel. Krav til ladefunksjon. Dør må slå ut.
Avfallsrom	01	10	10	Kjøling. Sluk i golv. Tilkomst frå utvendig port

				1500 mm.
SUM NTA	-		98	-

ATKOMST & LOGISTIKK

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Hovudinngang	1	-	-	Det må vere ein tydeleg inngang til sanserom.
Personalinngang	1	-	-	
Trapp / trapperom	1	-	-	
Heis / heisrom	1	-	-	
Varelevering	1	-	-	
SUM NTA	-	-	-	-

UTANDØRS

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Personalparkering	20	20	400	
Gjesteparkering	8	20	160	
Materiallager	1	-	-	For material og ferdige produkt i direkte tilknytning til produksjonshall.
Aktivitetsareal	1	-	-	For utandørs aktivitetar (grilling, sommarfest).
SUM	-	-	560	-

6.2	ALTERNATIV 2: SAMLOKALISERING AV DAGTILBOD
------------	---

Samlokalisering av dagfunksjonar utløyer slike funksjons- og arealkrav:

AKTIVITETSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Produksjonshall	01	300	300	Soneinndeling: Maskineringsareal, monteringsareal, materiallager.
Verkstad	01	70	70	Hageutstyr, grasklipper, måkeutstyr. Krav til utvendig direkte atkomst.
Digitaliseringsrom	01	40	40	For digitalisering av bilder, film o.l
Aktivitetsrom gruppe	01	50	50	For malegrupper, handverksaktivitetar, teater mm. Krav til separat luftavtrekk.
Aktivitetsrom person	03	20	60	For individuelle aktivitetar.
Undervisningsrom	01	70	70	For 30 personar. Må kunne delast i 2 like delar.
Treningskjøkken	1	25	25	Fullverdig kjøkken med alle fasilitetar.
SUM NTA	-	-	615	-

GARDEROBEFUNKSJONAR FOR BRUKARANE

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Stellerom HC	02	15	30	Krav til dusj
SUM NTA	-	-	30	

FELLESFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Pauserom	01	30	30	For 15 personar. Brukarar og tilsette. Tekjøkken.
Grovgarderober	01	20	20	For 20 brukarar. Urein ytterbekledning.
Fingarderober	1	20	20	For 20 brukarar.
Toalett HC	02	06	12	
SUM NTA	-		30	-

PERSONALFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Kontor	05	10	50	Produksjonsleiar, avdelingsleiarar, andre
Fleirbrukskontor	01	20	20	Fire arbeidsstasjonar for miljøarbeidarar
Kopirom	01	12	12	For kopimaskin, makuleringsmaskin mm.
Personaltoalett	02	02	04	
SUM NTA	-		84	-

DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Teknisk rom	01	30	30	VVS, EI, tele- og automasjon og IKT.
Tavlerom	01	01	01	
Reinholdssentral	01	15	15	Kvadratisk utforming. Vogner, koster/skaft, moppemaskin inkl. lokasse, kjøleskap, benk, vask, blande batteri hurtigkopling, avlaupsbrønn i golv. Dør slår ut. Låsbart skap. Laddestasjon for reinholdsmaskiner.
Lager	01	10	10	Lager for toalettpapir, tørkepapir mm. 2 m. breidde. Det kan vere mulig å lagre andre rekvisittar her også. Dør må slå ut.
Bøttekott	01	02	02	Dør må slå ut. Utslagsvask. Hyller/reol på vegg. Sluk på golv.
Avfallsrom	01	10	10	Kjøling. Sluk i golv. Tilkomst frå utvendig port 1500 mm.
Lager - hjelpemiddel	01	30	30	For elektriske hjelpemiddel. Krav til ladefunksjon. Dør må slå ut.
SUM NTA	-	-	98	-

ATKOMST & LOGISTIKK

Prosjektet utløyer slike krav:



FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Hovudinngang	01	-	-	
Personalinngang	01	-	-	
Trapp / trapperom	01	-	-	
Heis / heisrom	01	-	-	
Varelevering	01	-	-	Ved verkstad og produksjonshall
SUM NTA	-	-	-	-

UTANDØRS

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Personalparkering	15	20	300	
Gjesteparkering	08	20	160	
Materiallager	01	-	-	For material og ferdige produkt i direkte tilknytning til produksjonshall.
SUM	-		460	

Estimert arealbehov er oppgitt som nettoareal (NTA) og bruttoareal (BTA):



UTBYGGINGSSALTERNATIV	NTA	BTA
Utbyggingsalternativ 1 - Herøy ressurscenter	1222	1589
Utbyggingsalternativ 2 - Samlokalisering av dagtilbod	911	1184

Forholdet mellom nettoareal og bruttoareal er vurdert etter ein brutto/netto-faktor på 1,3. Utandørs areal er ikkje medrekna.

Referatsaker

RS 5/16 Folkehelsetiltak for eldre - uttale frå Eldrerådet 13.06.2016.
Folkehelsetiltak for eldre - uttale frå Eldrerådet 13.06.2016. 16.06.2016 00:00:00
Dokumentsenter og politisk sekretariat

NOTAT

Til: Kommunestyre, formannskap og komite for helse og omsorg

Frå: Dokumentsenter og politisk sekretariat

Saksnr
2016/353

Arkivkode
033

Dato
16.06.2016

FOLKEHELSETILTAK FOR ELDRE - UTTALE FRÅ ELDRERÅDET 13.06.2016.

«Helse- og omsorgsplanar for eldre må i større grad enn før innehalde kommunale «eldreplanar» med folkehelseplanar for eldre

Herøysamfunnet må erkjenne utviklinga som er på gang og tenkje framtidsbehov for sitt sterkt voksende tal på eldre i åra som kjem.

Rapporten om folkehelsa i Herøy viser at kommunen har mange utfordringar å tak tak i for å betre folkehelsa for sine innbyggjarar.

Gjennom stortingsmeldingar, NOU'ar, høyringsnotat og liknande opplever eldrerådet at regjeringa har lagt vekt på å få i gang tiltak som skaper eit meir aldersvennleg samfunn, som oppmodar til å delta og bidra, og at auka levealder vil gje fleire høve til å delta. Gjennom folkehelsetiltak og førebyggjande arbeid skal eldre få meir hjelp og oppfølging i eigen bustad etter behov. **Utvikling av velferdsteknologi er høgt prioritert.**

Folkehelsearbeid har i stor grad fram til no framstått å handle om barn, unge og overvektige voksne. Folkehelse har ikkje akkurat vore eit framtrudande kommunalt tiltaksområde for eldre så langt. Ei sak om kvardagsrehabilitering er under handsaming i kommunen, men den ber dessverre preg av å ville satse for lite. Folkehelsetiltaka for eldre har til no vore prega av at dette ikkje har vore eit satsingsområde for kommunen.

Eit hederleg unntak er opparbeiding av turstiar dei siste åra.

Folkehelsetiltak blant eldre vil i stor grad måtte være noko anna enn tiltak for barn, unge og voksne. Fotballbane, ballbingar osv. er ikkje dei mest egna folkehelsetiltaka for eldre.

Folkehelsetiltak for eldre må være kvardagstiltak tilpassa den eldre og være:

- tilpassa dei 80% meir eller mindre spreke og raske eldre
- tilpassa dei 10% eldre som skrantar
- tilpassa dei 10% eldre som er sjuke, skrøpelege og demente

Alle eldre vil ha stor nytte av forebyggjande folkehelsetiltak – også dei i omsorgsbustader og på sjukeheimane (eks. kunne komme seg ut):

- fysisk, sosial og mental aktivisering
- oppdage helsesvikt tidleg, få behandling raskt, få rehabilitering for å komme i gang att
- veiledning og brukarinformasjon – forstå og bedre takle eigen situasjon sjølv

Med 50% fleire eldre dei neste 10-15 åra, meir «bustadgjerung» av eldreomsorga og tenestetilbod som blir flytta ut til heimane, blir folkehelsetiltak blant eldre langt viktigare enn før. Folkehelse for

eldre er vel så mykje kultursak som helsesak. Folkehelsetiltak må vere kvardagstiltak, meir tilpassa den enkelte eldre, og kunne nyttast av mange skal det avgrense behovsveksten.

I Herøy kommune har Herøysamfunnet (med god hjelp frå dei eldre) bygd opp fotballbaner, ballbingar, klubbhus, turstiar, grendahus, bedehus etc. Her er brukt titals millionar på prisverdige fasilitetar for gode folkehelsetiltak for lokalsamfunnet, men lite er tilrettelagt av tilpassa folkehelsetiltak for å ta fatt i kommunen sine folkehelseutfordringar for den eldre innbyggjar. Nytenkjing og ny oppgåveforståing av kommune og innbyggjarar blir krevd.

Herøysamfunnet må erkjenne utviklinga som er på gang og tenkje framtidsbehov for sitt sterkt voksende tal på eldre.

Helse- og omsorgsplanar for eldre må i større grad enn før innehalde kommunale «eldreplanar» med folkehelsetiltak for eldre.

Planlegging av institusjonar som inneheld «Eldre sitt aktivitetssenter» må snarast kome i gang. Det er naudsynt for kommunen også å komme i dialog med frivillige lag og organisasjonar og ta desse med i si planlegging om vi i åra som kjem skal makte å gjennomføre nødvendige tiltak overfor den komande eldrebølga.»

Moltustranda 22.08.2016


Til

Grunneigarar, naboar offentleg mynde
lag og organisasjonar

Vår referanse: 201645

VARSEL OM OPPSTART AV PRIVAT PLANARBEID –

«Detaljreguleringsplan for gnr. 62 bnr. 2 m.fl Tarberg hytteområde»




Lokalisering av planområdet
DETALJREGULERINGSPLAN PBL § 12-3

Planarbeid

I samsvar med § 12-10 i plan- og bygningslova (PBL) vert det med dette varsla oppstart av privat planarbeid med utarbeiding detaljreguleringsplan etter PBL § 12-3. Denne varslinga rettar seg til aktuelle grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar som kan ha interesse i planarbeidet.

Planområdet

Varslinga gjeld utarbeiding av detaljreguleringsplan for eit nærare avgrensa område for gnr. 62 bnr. 2 på Tarberg (Moltustranda) i Herøy kommune. Planområdet er avgrensa som vist med stipla linje på vedlagt kartutsnitt. Området omfattar eit areal på om lag 28 daa.



Formål med planarbeidet

Forslagstiller ynskjer med dette planforslaget å legge til rette for nye fritidsbustader, naust og utlegging av flytebrygger samsvar med kommuneplanens arealdel.

B. TARBERG AS – TARBERERGVEGEN 3 – 6076 MOLTUSTRANDA


TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026

b.tarberg@tussa.com

www.btarberg.no


Gjeldande planstatus for området

Reguleringsplan:



Det er ikkje gjeldande reguleringsplanar innanfor aktuell plangrense. Planområdet er tilpassa Plan- id: «199701 VEG SANDE GRENSE – TARBERG» i sør, slik at plangrensa vert samanfallande med reguleringsplanen for fylkesvegen.

Kommuneplan:



Gjeldande arealstatus i kommuneplanens arealdel av 2015 er område for fritidsbustader (FB14), naust AN12 og framtidig småbåthamn, LNFR-areal.

Det ligg eit plankrav (RP) i kommuneplanen som seier at det skal utarbeidast ein reguleringsplan før større bygge- og anleggstiltak innanfor den avgrensa stipla linja for området.

Forslag til privat detaljreguleringsplan vil følgje opp hovudtrekka i kommuneplanens arealdel, men det kan kome justeringar knytt til formålsgrenser slik desse er vist i overordna plan.

Planprogram og konsekvensutgreiing (KU)

Planområdet er ei detaljregulering som skal følgje opp hovudtrekka i kommuneplane. Det aktuelle tiltaket med tiltenkte formål er difor i tråd med overordna arealplan. Planarbeidet er også vurdert i forhold til forskrift for konsekvensutgreiing. Det er konkludert med at planen ikkje skal konsekvensutgreiast. Ein vurderer planarbeidet til ikkje ha vesentlege verknader for miljø og samfunn at det skal vere naudsynt med KU-vurderingar utover det som er tenkt i planomtalen.

B. TARBERG AS – TARBERERGVEGEN 3 – 6076 MOLTUSTRANDA

TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026

b.tarberg@tussa.com

www.btarberg.no

Ein er ikkje kjend med at det er registrert automatisk freda kulturminner innanfor planområdet. Det er heller ikkje registrert utvalde naturtypar, truga artar eller særskild sårbare økosystem innanfor planområdet. Planarbeidet vil omfatte vurderingar etter naturmangfaldslova i høve eksisterande kunnskap og Direktoratet for naturforvaltning sin database. I samband med utarbeiding av reguleringsplanen, vil ein gå gjennom ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) etter sjekkliste frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Aktuelle arealformål og hovudprinsipp for planarbeidet

- Fritidsbustader - frittliggjande (FB)
- Naust (BK)
- Friområde (FRI)
- Køyreveg (f_V)
- Annan veggrunn (AVG)
- Parkering (P)
- Grønstruktur (FRI)

I samband med planprosessen vil ein også vurdere om det aktuelt med relevante tilhøyrande formål og omsynssoner.

Forslagstillar har tidlegare fått dispensasjon og løyve til utfylling i sjø for oppføring av 1 fritidsbustad. I planforslaget er området for fritidsbustader tenkt vidareført i vestleg retning mot «Hamnevegen», der fritidsbustadane er betjent av ein «sjøveg» som går frå vest mot aust. Nye naust er tenkt plassert i retning sør-nord langs hamnevegen med tilhøyrande parkeringsplasser. For området i sjø er det tenkt at dette gjennom plan blir opna opp til å legge ut flytebrygger med tilhøyrande landfeste. Det er også tenkt at ny plan skal opne opp for etablering av byggekant mot hamneområde i sjø. Forslagstillar ynskjer moglegheiter for å bygge ein jordvoll mellom «sjøvegen» og fylkesvegen for skjerming av fritidsbustadane.

Medverknad, vidare planprosess og innspel til planarbeidet

Grunneigarar, offentleg mynde, lag og organisasjonar og dei som blir direkte råka av planarbeidet vil i løpet av prosessen få moglegheiter til å medverke i planarbeidet. Dette vil inneberer at dei som har innspel eller synspunkt til planarbeidet, må sende desse innspela skriftleg til oppsett adresse innanfor dei fristane som blir opplyst ved kunngjering.

Planprosessen skal følgje reglane i plan- og bygningslova. Arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan vil skje i regi av Aleksander Zahl Tarberg i B. Tarberg AS. Reguleringsplanen skal utarbeidast som ein detaljplan etter plan- og bygningslova (PBL) § 12-3, og vil innehalde eit plankart, reguleringsføresegner og planomtale med tilhøyrande vedlegg.

B. TARBERG AS – TARBERERGVEGEN 3 – 6076 MOLTUSTRANDA

TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026

b.tarberg@tussa.com

www.btarberg.no

Dersom du har innspel til planarbeidet skal desse vere skriftlege og sendast til:

B. Tarberg AS
Tarbergvegen 3
6076 Moltustranda


E-post aleksander@btarberg.no

Tlf: 46674461

Merk innspelet med tittelen; «**Detaljregulering for Tarberg hytteområde 62/2**»

Frist for innspel: **23.09.2016**

Med vennleg helsing


Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar

Vedlegg:

1. Kart med planavgrensing ; 1:1500 i A3-format

Fra: Aleksander [mailto:aleksander@btarberg.no]
Sendt: 24. august 2016 14:19
Til: postmottak
Kopi: Arkiv Herøy
Emne: Varsel om oppstart av planarbeid for Tarberg hytteområde 62/2


Vedlagt følger dokument som vi ber blir publisert på heimesida til kommunen. Vi ber også om at varslingsbrev blir meldt opp som referatskriv til følgende komitè og råd:


• Eldrerådet	Referatsak
• Maritim og teknisk komite	Referatsak
• Komite for helse og omsorg	Referatsak
• Komite for næring	Referatsak
• Komite for oppvekst	Referatsak
• Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	Referatsak

Med vennlig hilsen

Aleksander Zahl Tarberg
B.TARBERG AS
 Tarbergsvegen 3
 6076 Moltustranda
Mob: 46674461

No virus found in this message.
 Checked by AVG - www.avg.com
 Version: 2016.0.7752 / Virus Database: 4647/12869 - Release Date: 08/24/16





NOTAT

Til: Komite for helse og omsorg

Frå: Rådmannen

Saksnr
2016/915

Arkivkode
033

Dato
31.08.2016

VAL AV ARBEIDSGRUPPE FOR FRAMTIDIG OMSORGSSENTER - VEDTAK I FORMANNSKAPET 16.08.2016

PS 160/16 VAL AV ARBEIDSGRUPPE FOR FRAMTIDIG OMSORGSSENTER

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 16.08.2016

1. Komite for helse og omsorg får i mandat å planlegge korleis kommunen skal legge til rette for auken i omsorgsbehovet framover.
2. Komiteen står relativt fritt i korleis dette arbeidet skal organiserast. Komiteen har høve til å opprette arbeidsgrupper og trekke inn ressurspersonar utanfor komiteen til spesielle oppgåver og oppdrag. Bruken av administrative ressursar skal avklarast med rådmannen.
3. Ekstra ressursar til arbeidet må takast opp i samband med budsjettarbeidet

Med helsing

Olaus-Jon Kopperstad



Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Fra: Renathe Rossi-Kaldhol

Sendt: 30. august 2016 12:33

Til: postmottak; Ulstein Postmottak; 'postmottak@volda.kommuna.no'; Postmottak Hareid; Ørsta postmottak; Resepsjon postmottak; Sande Kommune

Kopi: arve.moltubakk@tussa.com; 'Terje'

Emne: ORIENTERINGSMØTE/SEMINAR OM UTFORDRINGAR I ELDREOMSORGA

ORIENTERINGSMØTE/SEMINAR OM UTFORDRINGAR I ELDREOMSORGA

HERØY FRIKYRKJE TORSDAG 27.10.2016 KL. 15.00 – 18.00

Herøy eldreråd og pensjonistlaga i Herøy kommune inviterer med dette eldreråda, pensjonistlaga og kommunale etatar/politikarar i kommunane på Søre Sunnmøre til orienteringsmøte/seminar om utfordringar som vi står framføre i eldreomsorga.

Herøy eldreråd håper postmottaka i den einskilte kommune, kan distribuere spesielt til helse- og omsorgskomiteene og råda.

På grunn av matservering ber vi om påmelding **innan 24.10.** til konst. pleie- og omsorgsleiar Renathe Rossi-Kaldhol rrk@heroy.kommune.no

Vel møtt ☺


Helsing

Renathe Rossi-Kaldhol

Leiar

Bu- og habiliteringsavdelinga / Pleie- og omsorgsavdelinga

Tlf. 70081300 Dir. 70081491 Mob. 94881303



www.heroy.kommune.no

**ORIENTERINGSMØTE/SEMINAR OM UTFORDRINGAR I ELDTREOMSOGRA
HERØY FRIKYRKJE TORSOG 27.10.2016 KL. 15.00 – 18.00**

Herøy eldreråd og pensjonistlaga i Herøy kommune inviterer med dette eldreråda, pensjonistlaga og kommunale etatar/politikarar i kommunane på Søre Sunnmøre til orienteringsmøte/seminar om utfordringar som vi står framføre i eldreomsorga.

Kommunane må ta til å erkjenne utviklinga som er på gang med at vi vil verte 50% fleire eldre dei neste 10-15 åra og med det tenkje framtidsbehov for det sterkt veksande tal på eldre. Gjennom folkehelsetiltak og forebyggjande arbeid skal eldre få meir hjelp og oppfølging i egen bustad etter behov. Utvikling av velferdsteknologi er difor høgt prioritert.

Kvardagsrehabilitering må kome i organiserte former. Alle eldre vil ha stor nytte av forebyggjande folkehelsetiltak – også dei i omsorgsbustader og sjukeheimar.

I denne samanheng er det viktig at kommunane kjem i dialog med frivillige lag og organisasjonar som er villige til å engasjere seg i dette arbeidet og ta desse med i si planlegging.

Til å sette fokus på desse utfordringane har vi fått etternemnde foredragshaldarar:

Pasient- og brukarombodet i Møre og Romsdal Runar Finvåg

- Utvikling i eldreomsorga sett med «ombodsauge»
- Samhandlingreforma
- Pasienten i sentrum. Korleis kan ein påverke til endring og utvikling

Prosjektleiar Tone Bye i Pensjonistforbundet

- Morgendagens aktivitetssenter
- Velferdsteknologi

Fysioterapeut Roger Kvalsvik

- Kvardagsrehabilitering

Matykt

På grunn av matservering ber vi om påmelding innan 24.10. til konst. pleie- og omsorgsleiar Renathe Rossi-Kaldhol rrk@heroy.kommune.no

Med vennleg helsing

HERØY ELDTREÅD OG PENSJONSITLAGA I HERØY



HERØY KOMMUNE